



- ein breiddeklubb det skal vere råd å verte best i



Årsmelding

Volda Turn- og Idrettslag Fotball
(VTI Fotball)

2024

Styret har vore sett saman slik:

Leiar: Anders Egil Straume

Nestleiar: Hege Lill Humberset

Styremedlemar: Ingvild Sande Lillebø, Torill-Mina Aaland og Tarjei Almestad

Varamedlemar: Johan Høydal og Sindre Slettedal Sandbakk

Valkomité: Lars-Ove Hammer og John Ove Høydal

Revisor: Yngve Leikanger, Sigma Revisjon AS

Kontrollkomité: Lars Petter Lillebø og Tore Sørheim

Styret sitt arbeid

Styremøter

Det har vore 9 styremøter i 2024 der til saman 44 saker er handsama.

Sport

I 2024 hadde Volda TI Fotball 44 lag påmeldt i seriespel, frå gutter og jenter 6 år til Damelaget i 3.div og Herrelaget i 4. div. Vi har hatt 2 seniorlag på damesida og 3 seniorlag på herresida.

Vi har over 500 aktive spelarar i klubben, og vi tel ca 36 nye jentespelarar på 2018-kullet. Det er lagt ned fleirfaldige timer med dognadsarbeid gjennom året for å avvikle seriekamper, cup, vekes-kiosk, rydding av stadion, bilmesse, sal av lodd og Circle K-kopp. I tillegg kjem alle interne dognadar i dei ulike laga for å samle inn pengar til å delta på turneringar, cupar og sosiale tiltak. Utan alle desse fantastiske frivillige hadde vi ikkje klart å drifta all aktiviteten.

Vi har hatt med lag på Seljecup, Lerumcup og Danacup. I tillegg har vi delteke på dagsturneringar på Sunnmøre og Vestland.

Satellitt, Team Søre og Krets: Volda har vore satellitt-klubb for G2012 og det deltok totalt 14 gutter frå Volda. På jentesida deltok 7 spelarar på satellitt i 2024.

I 2024 deltok 7 jenter og 6 gutter på Team Søre. Etter siste uttak vart 5 stk. med i nettotroppa. Jenta som deltok på satellitt kom også videre til Team Søre.

Kretslag:

G13 (2011): 3 stk

J13 (2011): 0

G14 (2010): 1 stk

J14 (2010): 0 stk

G15 (2009): 2 stk

J15 (2009): 1 stk

På hausten fekk alle spelarar i 2011-kullet, jenter og gutter, tilbod om å delta på dommarkurs. Sjølv kurset ynskjer vi at alle skal delta på, medan det er frivillig å praktisere som dommarar i etterkant. Mange av dei dømte sine første kampar på Kiwi-Bama cup og gjennomførte dette med glans. Vi har mange dommarar i klubben vår, og det er viktig å følgje opp dei nyutdanna slik at dei som ynskjer å ta stega frå klubbdommar til kretsdommar får moglegheita.

Damelaget starta vårsesong med litt stang ut og kom ikkje med i fylkesserien til haustsesongen. I løpet av sommaren flytta nokre av spelarane pga studie, men det har kome til spelarar frå yngre rekker som har tatt store steg og fylt plassane på damelaget. Ein veldig god haustsesong i lokal 3.div førte dei tilbake i fylkesserien, så det blir ein full sesong med fylkesserie i 2025.

Herrelaget har hatt ein fantastisk sesong i 4.divisjon og gjekk gjennom heile sesongen med 21 seierar. Dessverre vart det eitt tap i siste seriekamp. Kvalifisering til opprykk Norsk Tipping Ligaen vart mot Åndalsnes der Volda spelte bortekamp først og heimekamp, og vann begge kampane.

Damelaget i 4.divisjon har hatt god rekruttering av spelarar som har kome tilbake etter nokre års pause, og desse utgjer no ei fin spelargruppe. Rekrutt-laget vårt som måtte ned i 5.div pga. førstelaget rykte ned i 4.div har hatt ein variert sesong og enda til slutt på 10.plass. Vi har heller ikkje i 2024 hatt eit G19 lag. 6.div laget vårt vart som eit lavterskelt tilbod for tidligare Voldaspelarar og mange av trenarane for yngres lag i klubben.

XPS: Dette er ein plattform for treningsplanlegging og årsplanlegging. Spelarar frå G16 og opp bli sterkt oppmoda om å bruke dette. Her får spelarutviklar og trenarutviklar samla alle spelarar som MÅ passast på når det kjem til hospitering les. Belastning. Det er mest av alt eit kjempe bra verktøy for trenarar å planlegge økter og trenarane får øktene enkelt frem på sin mobiltelefon slik at assistenter og hjelparar får lett tilgang til øktene som skal gjennomførast. Klubben er og inne her og planlegg økter for ulike lag slik at dei vert kvalitetssikra og tilrettelagt for nivå, alder og kjønn.

PlayerMaker: Eit verktøy i hovedsak for våre eldste lag. Her får vi detaljert oversikt over fysiske tall frå trening og kamp + innoveringar med ball for å kartlegge og kvalitetssikre arbeidet som vert gjort og planlagt. Det er også ynskjeleg å bruke dette verktøyet på spelarar i aldersbestemt også, men då kun for å måle hyppigheten av innoveringar med ball for å kvalitetssikre bruk av differensiering og aktivitet i øktene, som eit verktøy mot 100% utvikling – for alle.

VEO: Videoanalyse program. Blir i hovedsak brukt av lag frå 16-års alderen.

Sportsleg utval

Sportsleg utval har i sesongen 2024 hatt følgjande medlemar:

Sindre Slettedal Sandbakk, leiar

Ingvill Osvoll
Lene Egset Nedreberg
Oddvar Nautvik
Hege Lill Humberset
Pål Christian Brautaset
Erik Tilseth
Monica Velle Høydal
Ole Sunde

SU har hatt faste møte gjennom året og handsama saker knytt til hospitering, lagspåmelding, satellitt-uttak, tilsetting av trenarar frå J15, G16 og opp på senior samt innspel som kjem frå medlemar.

FFO 2024/2025

Telenor Xtra Volda FFO er eit tilbod til barn frå 1.-4.klasse og dekker skulane Bratteberg, Øyra, Mork og Folkestad. Ved oppstart i august 2024 var det 105 påmeldte barn, 30 av dei var jenter. *Vi er framleis ein av Noregs største FFO sjølv om talet har gått noko ned. Tatt innbyggartalet i betrakning er vi definitivt ein av Noregs største.*

Det er totalt 4 tilsette som jobbar med FFO, Bygg1 Akademiet, i tillegg til klubb; leiar, feltleiarar og kjøkken/ reinhaldsansvarleg. I tillegg er det totalt 12 FFO- og Bygg1 Akademi-instruktørar på deltid.

FFO tilbyr henting på alle skulane, to måltid for dag, der eitt av dei er varm mat og eitt er frukt. Det er variert og sunt kosthald, og uavhengig av kva dag du går på FFO så varierer varmmaten. Dei som ikkje likar varmmaten får tilbod om brød/knekkebrød eller ulik kornblanding. Det vert lagt til rette for barn med matallergi og matintoleranse. I tillegg til varmmaten vert det servert eit fruktmåltid på slutten av dagen, noko småsøsken som er med på henting også får forsyne seg av, til stor glede.

Det er frileik på stadion etter varmmat og fram til aktivitetsøkta startar, ca. kl. 1445. Dei som ynskjer det får leksetid i denne perioden eller på slutten av dagen. Dette er eit tiltak vi er pålagde av NFF og Telenor gjennom konseptet Telenor Xtra.

Framtidsmålsetting:

FFO ynskjer at alle barn som går på FFO skal ha ei positiv oppleving av dagen her, og at dei tilsette ser kvart barn sine ulike behov.

FFO ynskjer at alle barn som går på FFO og som brenn for fotballen, skal ha ei oppleving av utvikling og meistring.

BYGG1-Akademiet 2024/2025

Det er 3 år sidan vi starta med BYGG1 Akademiet. Borna kan velje mellom 1-3 dagar i veka. Spelarane har klespakke hengande på stadion med sine unike nummer trykt på Akademi-plagga. Det dei har fått sponsa av BYGG1 er: jakke, buff, genser, t-skjorte, shorts, bukse og

fotballstrømper. Ved oppstart i august 2024 var det 65 påmeldte barn/ungdommar, 8 av dei var jenter. I løpet av hausten har dette talet stege til 11 jenter.

Framtidsmålsetting:

Vi ynskjer å sette litt ekstra fokus på kvalitet i arbeidet med å bli ein betre fotballspelar. Spelarane skal lære å ta meir ansvar for eiga læring.

Anlegg

I 2024 skifta vi flomlysa på alle utebanene til ledlys. Det vart eit stort løft for anlegget vårt og betra lysforholda betrakteleg. I tillegg er toaletta i SpareBank1 Hallen totalrenovert. Arbeidet vart gjort på dugnad av dyktige medlemar i klubben vår. Ei stor takk til dei. Det siste som vart gjort i forhold til anlegget vårt i 2024 var å få djuprense bana inne i SpareBank1 Hallen samt fylt på med granulat.

Årsregnskap

VTI Fotball følgjer regnskapslova sine føresegner om årsregnskap, og har offentleg godkjent ekstern revisor.

Årsregnskap med resultatregnskap, balanse og noter er utarbeidt for 2024. Årsregnskap er revidert frå revisor.